



KARMØY KOMMUNE

Dato:
03.03.2021
Arkivsak-ID.:
20/5872
JournalpostID:
21/11723

Sakshandsamar: Astrid Havn Tranøy

Kommunedirektør/rådmann:

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------------------|------------|
| 008/21 | Hovedutvalg oppvekst og kultur | 24.03.2021 |

Søknad om tilskott til produksjonen LYDEN av krig frå Scenekraft

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Karmøy kommune tildeler Scenekraft kr 20 000 til prosjektet LYDEN av krig. Prosjektet vil bli belasta ansvar 1470 - 25442 – 37700 og tilskottet vil bli utbetalt når prosjektet er fullfinansiert, og krav om utbetaling er mottatt

Hovedutvalg oppvekst og kultur 24.03.2021:

Behandling:

Innstillingen enstemmig vedtatt.

HOK- 008/21 Vedtak:

Karmøy kommune tildeler Scenekraft kr 20 000 til prosjektet LYDEN av krig. Prosjektet vil bli belasta ansvar 1470 - 25442 – 37700 og tilskottet vil bli utbetalt når prosjektet er fullfinansiert, og krav om utbetaling er mottatt

Saksutgreiing

Den frittståande teatergruppa Scenekraft søker om tilskott til å setje opp forestillinga LYDEN av Krig. Scenekraft søker Karmøy kommune om kr. 40 000 i tilskott til prosjektet.

Scenekunstprosjektet har krigsseilarar som tematisk utgangspunkt, med ungdom som hovedmålgruppe. Forestillinga vektlegger særskilt lydbildet i uttrykket, og er planlagt gjennomført mai/juni 2021 dersom all finansiering kjem på plass. LYDEN av krig samarbeider med Arkivet i Kristiansand, der det er planlagt visningar, og skal settast opp på Torvastad Kultursenter og Festiviteten i løpet av juni 2021. Elsa Aanensen er produsent og Nina Sele har regi på forestillinga. Vegard Fossum og Halvor Lillesund er komponistar, og Håkon Karoliussen er utøvar.

Prosjektet tar utgangspunkt i den sanne historia om ein krigsseglar frå Haugesund, og hans reise heim frå krigen, der han dessverre aldri rekk heim. Forestillinga vil ha stort fokus på lyd i sin framføring. Gjennom å utforske lyd som scenisk effekt, mellom anna ved å feste bevegelsessensorar på skodespelar, vil komponist Vegard Fossum utforske LYDEN av krig. Fossum har bakgrunn som profesjonell musikar og komponist, og har mellom anna laga filmmusikk til HBO-serien *Beforeigners*. Manus er ved Marius Leknes Snekkevåg som har samarbeida med Scenekraft på fleire andre prosjekt.

Prosjektet sin premiere var opphavleg satt til våren 2020, men på grunn av finansiering og andre ytre faktorar er LYDEN av krig blitt utsatt til 2021. Det vil bli søkt Kulturrådet om tilskott til produksjon. Det er mottatt tilskott til utvikling frå kulturrådet. Fritt ord og Rogaland fylkeskommune støtter Lyden av krig med midler. Karmøy kommune tildelte prosjektet kr 20 000 i 2019. Midlene vart ikkje krevd utbetalt, med bakgrunn i utsetjinga, og Scenekraft søker på ny om tilskott når prosjektet skal realiserast i 2021.

Teaterforestillinga har eit tydelig formmessig grep i ei dataspel-ramme. Lyd og bilde/animasjon vil vere berande element som styrer forestillinga si framdrift. Skodespelaren styrer lyd- og bildeteknikken, og kontrollerer på denne måten utviklinga i historien. Han går inn i eit dataspel der han set i gang alt som skjer. Samtidig dreg spelet han inn i ei rekke utfordringar og hindringar. Karakteren kan miste livet men har fleire liv å gå på, akkurat som i eit dataspel. Målet med spelet er å vinne krigen, og bli ein helt. Gjennom spelet som ytre ramme vil forløpet i 2. verdskrig og norsk skipsfart i epoken formidlast på ein enkel måte. Spelet som inngang vil gi rom for leiken med det tekniske, og testing av lydfunksjon og lydeffekter kan tydelig demonstrererast av karakteren/spelaren. Eksempelvis kan han ta ein test på ein torpedolyd i starten av forestillinga, og be publikum vere obs på denne. Dette skaper eit element av interaktivitet i forestillinga. Spelet sitt univers er samanliknbar med krigstilværet, kvar mann er for seg sjølv, vekke frå familien, frå det kjente og kjære, over fleire år. Avstanden skaper eit realistisk bilet på situasjonen som norske sjømenn var satt i som krigsseglarar.

Frå prosjektskildringa:

«LYDEN av krig er et scenekunstprosjekt som ser på ulike menneskelige perspektiver berørt av norsk skipsfart i 2. verdenskrig. Forestillingen sitt hovedfokus er å formidle norsk krigsseilerhistorie i en lydeksperimentell scenekunstforestilling. Det tekstlige grunnlaget er dokumentarisk materiale med ulike perspektiver fra 2. verdenskrig, gjennom hele krigsforløpet frem til freden kommer, men også langt inn i etterkrigstiden og frem til i dag.

Nå er det få gjenlevende krigsseilerne igjen og da er det etterkommerne, historikere, fagfolk og sakens talspersoner som bærer historiene deres videre. Like mye av alvoret i krigsseilertematikken ligger i ettertiden, med konsekvensene av krigsopplevelsene som rammet mange, og de psykiske konsekvensene av å leve i konstant frykt for å dø. En stor ekstra belastning var den manglende anerkjennelsen av arbeidet krigsseilerne gjorde gjennom hele 2. verdenskrig. Oppreisningen kom, men veldig sent og denne gruppen har i stor grad følt seg sviktet av den norske stat. Familiene har også hatt store påkjenninger og bekymringer med menn og fedre som har lidd av PTSD.

Mange som har opplevd krigsangrep og forlis fremhever lydene når de beskriver hendelsene. De brutale lydene av bombenes drønn, eksplosjon i metall, og vannet som fosser inn og herjer med konstruksjonen og mennene om bord. De grusomme hylene fra unge menn som i dødsangst skriker idet båten brekker og de renner ned i dypet som en masse. Kamerater som ligg i vannet i oljesøl og kaver om hjelp, roper på mor, roper etter redningen.. Dette måtte mange sjøfolk bivåne, uten mulighet og tillatelse til å hjelpe. Men noen lyder skapt av krigen var også vakre, som beskrevet i "Evig heder":

Når båten stod i 90 grader, rett opp og ned med alle tre lukene åpne, og lukene som var

tettet holdt luften inne. Og den måtte ut et sted når det andre trakk nedover. All luften i lukene ble presset ut gjennom luftventilene. Det presset skaper en musikk som er helt fantastisk. Luftrørene har ulike dimensjoner, så det er høye, mørke og dype toner.»

Vurdering

Forestillinga blir vurdert som ei interessant og nyskapande formidlingsplattform for historia til dei lokale krigsseglarane. Historia er også universell og gir publikum eit innblikk i korleis det er å oppleve krig på kroppen. Formen til forestillinga gir gode muligheter for gjenkjennelse hos ungdom, gjennom bruk av dataspel som formpråk og ramme, og lydbiletet og interaktiviteten i forestillinga. LYDEN av krig kan gi ungdom eit innblikk i norske sjømenn si innsats under 2. verdskrig, og ei nær vinkling, gjennom historia om mannen som er på veg heim til Haugesund. Forestillinga kan vere særskilt aktuell for framføring i Den kulturelle skulesekken i Karmøy.

Kommunedirektøren/rådmannen sin konklusjon

Karmøy kommune ser på LYDEN av krig som eit innovativt og spennande prosjekt som set fokus på eit aktuelt tema på ein original måte, og ser positivt på å støtte gjennomføring av produksjonen.